

Kogslj – Kokslien (gnr. 137)

Koksli: Gardsnamn som visstnok ingen kan tyde heilt visst. Skrivemåten av namnet har vore skiftande.

I skrivne kjelder finn ein garden ført i manntalet for Kopskatten 1645. Brukaren der er kalla Christopher Kogslj, og han svara den utlikna ekstraskatten for seg og kona si med 12 mark i pengar. Garden vart da ført i gruppa for "Ødegaarder". Av Mandkjøndsmandtallet 1665 går det elles fram at landskylda av grd. "Kaaxlien" var 5 skinn, og brukaren der var Ole Jenssøn, som var 36 år.

Vidare er det og fortalt at ein husmann der; Torgeir Christophersen var 46 år og skrøpelig. År 1668 kom den norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Kogslj" fortalt at enga, innmarka var "Ringe och Kand iche widere forbedris". Men det var skog til brenneved og til gards bruk elles. Buskapen av store husdyr var 1 hest og 6 naut, og korntiende vart utreidd med 1/2 tønne, som altså svara til ei årsavling på 5 tønner. Brukaren på garden er da kalla Oluf, men eigar av Kogslj i den tid var Christen Bøe i Gausdal. Det er vidare opplyst at garden enda ikkje hadde seter.

Fjorten år seinare var brukaren Ole (Oluff) død, og det var skifte "paa Koxlien". Skiftet vart administret av foged Cort Coldevin og takst og vurderingsmenn var Holm Johansen og Simen Simenrud. Det er elles opplyst at husmora der, enka etter avdøde, heitte Åse Gudmundsdotter, og at dei hadde 3 born som var i live: Hans Olsen, Gjertrud og Marte Olsdøtre. Ved vurderinga viste det seg at arvebuet utgjorde brutto 24 rd og netto 10 rd, 1 ort, og av det fekk "Moderen den Halfue pardt – 5 dr. 12 s, kommer på Broderen 2 rd.2 ort og 6 s. og paa huer Søster – 1 dr. 1 ort og 3 s."

Om dei registrerte gods er m.a. opplyst at "1 Røed Koe" var vurdert til 2 dr. og 1 kvige til 1 dr. 12 s og 2 tønner korn til 2 dalar.

Fem år seinare hadde i 1693 sonen "gaardsbunde Hans Olsen Kogslien" tatt over som brukar av garden. Det er da fortalt at han var rulleført som soldat og var 25 år. År 1700 var det elles ei Anne Christensdatter Li som hadde heimel på "pl. Kohsli i Faaberg". Ho gav da bygsessedel til Madz Christensen på garden eller ein plass under garden.- Men i 1708 var Madz Christensen død, og det var da atter skifte på garden. Namnet da er skrivi "Kox-lien i Faaberg". Ved dette skiftet er det vidare opplyst at arvebuet utgjorde brutto 67 rd. Og netto 37 rd. Arvingane ved skifte var forutan enka, Anne Nielsdatter, dei 4 borna i ekteskapet: 1. Christen, 2. Eli, 3. Sigri, 4. Kari.—Tjuge år seinare gav i 1720 løytnant Tosten Langeland skjøte til Peder Tollersrud på "Kogslien av skyld 5 skind for 200 rd."

Fleire og nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Da er det m.a. fortalt om "Koxlien" at garden ligg i baklia, og at den da var tungbrukt, men jordarten var god, "dog noget tørlent". Garden hadde da fått seter med god hamn og slåttar til 2 lass høy. Høyavlinga i det heile utgjorde kring 10 lass, og buskapen var da 1 hest, 8 naut og 6 sauer. Det er vidare opplyst at den årlege utsæd av korn var 2-3 tn. Og oppsittar på garden i den tid var Peder Olsen. Peder Olsen var og eigar og brukar av Kokslien i 1732. Det var da ny synfaring og ny skyldsetting av garden, og denne saka er etter utskrift av tingboka framstelt slik:

"Kokslien i Fåberg."

Besiktigelse 8.oktb.1732.

Kokslien skylder 5 skind og tilhører oppsidderen Peder Olsen, som ikke er tilstede, men hans hustru Gunhild Johansdtr. angav at her kan såes 2 tønner bygg og havre, holdes 1 hest 8 stk fe og 6 sauer, hvortil iblandt leies forland. Sæterbol i almindingen, men ingen skog. Åkerjorden er kun måtelig og ligger i baklien. Bør herefter skyldes 6 skind og svare ødegaardsrettighet

som forhen.” Men etter atter ein halv mannsalder var i 1749 husbonden Peder Olsen død, og det var atter skifte på ”Kokslien i Faaberg”.

Ved dette skiftet vart jordegodset i skiftebuet, Kokslien av skyld 6 skinn, taksert for 224 rd., og buet utgjorde brutto 308 rd. Og netto 183 rd. Arvingene ved skiftet var foruten enka Gunhild Johansdtr, dei 3 borna i ekteskapet. Av dei var Ole Pedersen da 20 år, broren Johannes var 18 år, og søstra Beret var 10 år. Enka Gunhild Johansdtr. gifta seg i 1750 oppatt med enkemannen Per Svendsen Rusten i Gausdal, men dei fekk visstnok ingen barn i sitt ekteskap.

Åtte år seinere fekk i 1758 odelsarvingen Ole Pedersen samsøskenskjøte på ættegarden Koxslien av skyld 6 skinn for kjøpesum 224 rd. + føderåd til stefaren Per Svendsen for resten av levetida.

Ole Pedersen Kokslien, som da tok over som husbonde på garden hadde i 1757 gifta seg med Ragnhild Christensdr., og dei fekk fleire born. Dei var: 1, Gunhild f. 1757, 2. Per f. 1760, 3. Guri f. 1765, død som barn, 4. Anne f. 1769, 5. Guri f. 1771.

Men husbonden Ole Pedersen vart ingen gamal mann. Han døde i 1773, berre 44 år gammal, og det vart atter dødsbudskifte på ”Koxlien i Faaberg”. Ved dette skiftet var jordegodset i buet, Kokslien av skyld 6 skinn, verdsett til 250 rd., og buet utgjorde brutto 364 rd. Og netto 234 rd. Arvingene ved skiftet var foruten enka Ragnhild Christensdr. dei 3 borna som var i live: Gunhild, 16 år, Per 13 år og Anne 4 ½ år.

Enka Ragnhild Christensdr. gifta seg i 1774 oppatt med Gudmund Olsen n. Flygstad., og dei fekk ei dotter, Marthe, f. 1776. Men i 1789 gav Gudmund Olsen og hustru Ragnhild og svigerson Ole Johnsen skjøte til Per Olsen f. 17605 på grd. Koxlien av skyld 6 skinn for sum 250 rd. + føderåd til Gudmund Olsen og hustru Ragnhild Christensdr. for resten av levetida.

Peder Olsen var framleis eigar og brukar av garden i 1797. Han og Lars Kitlien hadde da bevilling til å bygge ei flomsag isaman på Koxliens grunn. Samtidig er det opplyst at ”6 flomsager er ødelagt og ikke gjennoppbygget.” Det var sikkert ein enda svært merkbar verknad av den store skadeflaumen i 1789.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 1 familie i Koxlien. Det var: 1, Peder Olsen, husbonden, 41 år, 2. Marit Gundersdtr., kona hans 33 år, 3. Guri Pedersdtr. dotter deres 7 år 4. Ole Pedersen, son deres, 5 år, 5. Gunner Pedersen, son deres 1 år, 6. Lars Pedersen, tenestekar, 20 år, 7. Guro Olsdtr. tenestekvinne, 20 år, 8. Anne Olsdtr. søster til husbonden, 32 år. 9. Gudmund Olsen, føderådsmann, 57 år.

Husbonden Peder Olsen Kokslien dreiv og på rovdryjakt. Den 7. juni 1805 viste han såleis ved tinget i Fåberg skinn av 4 ulver, som han hadde skote om vinteren . Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Koxlien fortalt at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 12 naut, og at den årlige kornavlinga utgjorde kring 36 tønner. Same året var det og synfaring og skjønnsforretning ved Koxlien sag. Etter atter fjorten år var i 1833 husbonden Per Kokslien død, og enka Marit Gundersdtr. med laugverge gav da skjøte på ættegarden til sonen Ole f. 1796.- Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddallar, ort og skilling. Garden Kokslien fekk da som si nye matrikkelskyld: 3 skylddalar 4 ort 22 skilling, og eigar og brukar av Kokslien i den tid var framleis Ole Pedersen Kokslien.

I 1840-50 åra var det fleire utskiftingar av sameigemark og skog der Per Kokslien og hadde bruksrettar. I 1847-48 var det såleides mindelig utskifting av ”Skovmarken i Kinden Sæterlag”, og i 1854 var det utskifting av Fåberg Vestfjell. Av 1850-60 er og eit tinglese ”Commissionsforlig mellom Arne Flugstad og Ole Koxlien ang. Gjørdehold ovenpaa Bartilsøen”. Videre var det i 1863-64 også utskifting av sameigeskog i Baklien.

I samband med folke- og jordbrukstellinga i 1856 vart det publisert fleire nye opplysningar om gardane. Der er det om Koxlien oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og

seterlykkjer i den tid utgjorde 188 mål, og av dette var 52 ½ mål jord av klasse 1. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet i Koxlien med plassar var: 4 hestar, 16 storfe og 5 småfe, og den årlege utsæd var 8-9 tønner korn og 7-8 tønner settepoteter. 3 år seinare var det i 1868 brukarskifte på garden, og faren Ole Pedersen skjøta da ættegarden til sonen Peder Olsen Kokslien for kjøpesum 800 spd. År 1886 kom den lenge førebudde norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnr. og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. For den garden det her gjeld, vart samtidig skrivemåten av namnet endra til Kokslien. Vidare fekk så Kokslien gardsnr. 137 av samla skyld 7,26 mark, og Peder Olsen, som vi kjenner frå før, var framleis eigar og brukar av garden.

Av år 1904 er eit døme på det som blir kalla Fledføringskontrakt. Agnethe Einarsdtr.

Askjelrud overdro da alt ho åtte til Peder Olsen Kokslien mot at han overtok å forsørge henne fot resten av livet. Som eit streif av nyare tid tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde 2 personar med røysterett i Kokslien. Dei var: gardbr. Peder Olsen Kokslien 80 år. Og husmor Marte Hansdtr. Kokslien, kona hans, 57 år. Ein merkar seg at røystealderen i den tid var 25 år.

Ved matrikkuleringa i 1886 var det enda berre eitt bruksnummer under gardsnummer 137, nemlig grn. 137, brnr. 1 Kokslien av skyld 7,26 mark. Men i 1920 gav så den nye brukaren Ole Kokslien og hustru Martha f. Thallaug skjøte til Thorvald Henriksen på ein parsell brnr. 2 Strand av skyld 0.05 mark. Etter dette var det ved kordbruksregistreringa av 1939 to bruk under gardsnr. 137 med eit jordbruksareal av åker og hage og eng på kvar for seg meir enn 10 mål (da). Dei to bruka var: a. Gnr. 137, 139, brnr. 1, 10 Kokslien med eit jordbruksareal på ca. 120 mål, der Ole Kokslien framleis var eigar og brukar, b: gnr 137, brnr.2 Strand, jordbruksareal ca.10 mål, der Thv. Henriksen var eigar og brukar.